

### Åpning av det 133. ordentlige Storting.

President: Jo Benkow.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg mandag den 3. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 133. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk og arbeide for en styrking av det internasjonale samarbeid.

Vern av Norges sikkerhet forutsetter et sterkt forsvar innenfor rammen av NATO og et aktivt engasjement for avspenning, gjensi-dig rustningskontroll og nedrustning.

Bistanden til utviklingslandene vil bli opprettholdt på et høyt nivå. Regjeringen vil arbeide for å redusere de fattigste landenes gjeldsbyrde.

Regjeringen vil fortsatt legge stor vekt på samarbeidet i Norden og i Europa. Arbeidet med å sikre norsk tilgang til EFs indre marked vil bli gitt høy prioritet. Regjeringen vil arbeide for å styrke EFTAs rolle gjennom det norske formannskap.

Regjeringen vil legge vekt på å opprettholde og utbygge et godt forhold til Sovjetunionen.

Det er Regjeringens mål å sikre full sysselsetting og gjenskape balanse i norsk økonomi. Dette stiller krav om aktiv medvirkning fra alle parter i arbeids- og samfunnslivet og videreføring av et inntektspolitiske samarbeid.

Arbeidet med et enklere og mer rettferdig skattesystem vil bli ført videre. Bedriftsbeskatningen vil bli gjennomgått med sikte på bedre ressursbruk. Skatteetaten vil bli styrket og innsatsen mot den økonomiske kriminaliteten skjerpet.

Oppryddingen i finansmarkedene videreføres, blant annet ved videre oppbygging av Kredittilsynet. Regjeringen vil legge frem forslag til regler om innsidehandel og gjennomgå lovgivningen som gjelder for bankvesenet.

Det vil bli ført en aktiv politikk for omstilinger i næringslivet med en målbevisst sat-sing på forskning, nyskapning og internasj-

nalisering. Regjeringen vil legge frem en melding om næringspolitikken.

Landbrukspolitikken skal bidra til å opprettholde bosettingen i distrikten og sikre miljøgrunnlaget.

Det vil bli lagt stor vekt på en bedre forvaltning av fiskebestandene. Nytt havforskningsfartøy vil bli bygd.

Det vil bli lagt vekt på å klarlegge markedsgrunnlaget for norsk gass i Norden. Det vil bli foreslått å åpne Barentshavet Syd for letevirksomhet og forberedt en 13. konsesjonsrunde.

Forslag til ny energilov vil bli lagt frem.

Hensynet til miljøet skal sterkere inn på alle områder. Det vil bli lagt frem en melding om et samlet program for oppfølging av anbefalingene fra Verdenskommisjonen for miljø og utvikling.

Regjeringen vil legge frem et samlet opplegg for innsamling og behandling av spesialavfall.

Regjeringen vil arbeide for økt kvalitet i opplæringen av barn, ungdom og voksne, og vil fortsatt styrke forskningsinnsatsen. Det vil bli lagt frem meldinger om grunnutdanning og livslang læring, om lærerutdanningen og om forskningen.

Frikommuneforsøket vil bli utvidet med sikte på forenkling og effektivisering av forvaltningen.

Regjeringen vil sikre en sterk distriktspolitiske innsats. Det vil bli fremmet en melding om bosetting og regionalpolitikk. De særskilte tiltakene for Finnmark vil bli ytterligere utvidet.

Regjeringen vil legge frem en melding om boligpolitikken for 1990-årene og vil stimulere til bygging av flere og rimeligere boliger.

Regjeringen vil arbeide for en regulert og begrenset innvandring. Mottaksapparatet vil bli styrket og effektivisert.

Regjeringen vil fortsette sitt aktive arbeid for økt likestilling på alle områder.

Regjeringen vil arbeide for raskere utbygging av barnehager. Barnehageloven med forskrifter vil bli gjennomgått med sikte på forenkling og stimulanse til nye løsninger.

Regjeringen vil legge frem en melding om Norsk Jernbaneplan 1990–93 med vekt på nærrrafikken i de største byområdene og en melding om Norsk veg- og vegtrafikkplan.

Regjeringen vil høsten 1988 fremme forslag om bevilgning til planlegging av hovedflyplass i Hurum.

Regjeringen legger vekt på helsefremmen-de og forebyggende tiltak og vil øke engasjementet for å effektivisere og modernisere hel-setjenesten. Innsatsen for eldre og funksjons-

hemmede vil bli styrket. Regjeringen vil bidra til å utvikle nye modeller for heldøgns omsorg.

Det vil bli fremmet forslag om ny alkohollov.

Regjeringen vil forsterke kampen mot nar-kotika.

Politiets etterforskningskapasitet vil bli bygget ut og Regjeringen vil styrke den fore-byggende innsatsen mot kriminalitet. Regjer-ingen vil legge frem en melding om politiets rolle i samfunnet.

Regjeringen vil bevare Den norske kirke som folkekirke. Reformarbeidet vil fortsette.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 133. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og sty-ring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Mary Kvidal:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjona- le samarbeidet for fred, tryggleik og av-spenning.

Regjeringa legg stor vekt på samarbeidet med dei nordiske landa og har ført dette arbeidet vidare.

Å byggje ut samarbeidet med dei allierte og nærmiljøene landa i Vest-Europa og Nord-Amerika har stått sentralt og vil framleis vere ei hovudmålsetjing.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet innanfor dei politiske og økonomiske samarbeidsorganisasjonane som Atlanterhavspakta, Europaratet, OECD og EFTA. Eit nært samarbeid innanfor desse organisasjonane får meir og meir å seie, m.a. i lys av den utviklinga som finn stad i aust-vest-forholdet og i integrasjonsprosessen i Vest-Europa.

Kontaktane med EF-landa om det utanriks-politiske samarbeidet innanfor EF, EPS, er ført til eit steg vidare ved at kontakten med Noreg vart formalisert våren 1988.

Den formaliserte kontaktordninga, som først og fremst tek sikte på faste møte mellom Noreg og EPS på utanriksminister- og høgt embetsmannsnivå, stadfester at EPS-landa legg stor vekt på sambandet med Noreg.

Det tryggingspolitiske samarbeidet i NATO byggjer på målsetjinga om eit effektivt for-svar og samstundes arbeid for avspenning og dialog med Sovjetunionen og landa i Aust-Europa. På dette grunnlaget har Noreg støtt arbeidet i alliansen for å styrke fellesforsva-ret. Gjennom drøftingar i NATO har Noreg

medverka aktivt til arbeidet for rustingskon-troll. Siktemålet har vore å styrke tryggleiken på eit så lågt styrkenivå som mogleg. Re-gjeringa legg vekt på innstillinga i Stortinget frå våren 1984 til meldinga om tryggleik og nedrustning i politikken sin på dette feltet.

Regjeringa har ved fleire høve streka under at også dei små og mellomstore landa i Euro-pa kan gjere sitt til å styrke aust-vest-dia-logen og avspenningsprosessen ved å knyte politiske, økonomiske, kulturelle og mennes-kelege kontaktar på tvers av dei skiljelinjene som finst i dag.

Noreg har fullt ut støtt avtala mellom USA og Sovjetunionen om å fjerne alle kjernefysiske mellomdistanserakettar. Avtala er eit vikt-ig steg i arbeidet med å komme fram til endå meir omfattande reduksjonar, i første rekke av dei langtrekkjande kjernefysiske våpna.

Regjeringa står freistnadene på å styrke den konvensjonelle militære styrkestabilite-ten i Europa. Noreg tek del i dei forhandlinga-ne som finn stad i Wien med sikte på å ut-arbeide eit mandat for nye forhandlingar om konvensjonell rustingskontroll i Europa.

Arbeidet for avspenning mellom aust og vest er ført vidare under oppfølgingsmøtet i Wien-møtet på Konferansen for tryggleik og samarbeid i Europa, KSSE. Noreg arbeider for at Wien-møtet skal få eit vellykka utfall.

Regjeringa legg vekt på å ta aktivt del i nedrustningsarbeidet både i FN og ved Nedrus-tingskonferansen i Geneve. Frå norsk side er det lagt fram arbeidsdokument om norske forskningsresultat som gjeld forbod mot kjer-nevåpen og full stans i prøvene med kjer-nevåpen. Noreg tok del på breitt grunnlag un-der den tredje spesialsesjonen om nedrustning i FN i juni i år. Noreg er også med i dei em-betsmannsdrøftingane om ei kjernevåpenfri sone på nordisk område som no finn stad.

Noreg har teke del i arbeidet med å styrke Dei sameinte nasjonane gjennom ein omfat-tande reformprosess. Ei arbeidsgruppe, der Noreg hadde formannsvervet, gjorde framlegg om organisatoriske endringar som er følgde opp. Arbeidet med å løyse den djupare krisa i FN må likevel framleis få høg priorititet.

Noreg held fram med å stille norske tropper til rådvelde for FNs fredsvernande styrkar i Sør-Libanon, og hjelper til med observatørar til FN-observatørkorpsa i Midtausten, Kash-mir og Iran—Irak. Å stø FNs fredsvernande innsats er ein viktig del av den norske FN-politikken. Regjeringa har støtt arbeidet i FN med å få til ei fredeleg løysing på Irak—Iran-konflikten. Det er frå norsk side teke kontakt med ei rekke statar i området om tryggleiken for skipsfarten i Persiabukta.

Noreg har halde fram med å arbeide aktivt i

dei ulike FN-organa og andre internasjonale fora for å betre dei økonomiske og sosiale vilkåra i utviklingslanda. Engasjementet i samarbeidet innanfor FN-konferansen om handel og utvikling, er ført vidare. Ein har her lagt vekt på å følgje opp sluttakta frå UNCTAD VII.

Gjeldskrisa i utviklingslanda er ein trussel mot det internasjonale handels- og finansieringssystemet samstundes som ho hindrar utviklingsprosessen i dei landa som blir råka. Noreg er med i det internasjonale samarbeidet for å finne fram til langsiktige løysingar på gjeldsproblema.

Med sikte på å betre og stabilisere eksportinntektene frå råvaresektoren i utviklingslanda har Regjeringa vore med i eit internasjonalt råvaresamarbeid, både innanfor dei eksisterande fora og i forhandlingar om nye avtaler.

Arbeidet med å auke importen frå utviklingslanda er ført vidare. Tekstilar frå desse landa har vunne marknadsdelar i Noreg.

Regjeringa har arbeidd aktivt for at rapporten frå Verdskommisjonen for miljø og utvikling skal følgjast opp internasjonalt, særleg innanfor FN-systemet. Etter oppfølgingsvedtaket i generalforsamlinga i FN og i ei rad av FN-organisasjonane, er rapporten og bodskapen om ei berekraftig utvikling no teken opp til brei drøfting i FN-systemet. Konferansen mellom sjefane for FN-organisasjonane i Oslo i juli 1988 medverka også til dette.

Noreg og dei andre nordiske landa har halde fram med drøftingane for å utvikle eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika, SADC-landa. Det er gjort framlegg om eit NORSAD-fond for å stimulere «joint ventures» mellom Norden og SADC-regionen.

Regjeringa har følgt Angola-Namibia-forhandlingane med interesse, og kan med glede slå fast at det er teikn til ei løysing. Det gjev nytt håp om sjølvstende for Namibia at dei tre partane, Sør-Afrika, Angola og Cuba, har bede generalsekretæren i FN om å setje i verk tiltak som kan føre til at resolusjon 435 i Tryggingsrådet om sjølvstende for Namibia kan bli gjennomført. Noreg står fast ved sine tidlegare lovnader om å hjelpe til i denne prosessen, spesielt ved å stille ekspertar til rådvelde som kan overvake frie val i Namibia.

Noreg har gått inn for at Tryggingsrådet i FN skal vedta bindande sanksjonar mot Sør-Afrika. Noreg står også kampen mot apartheid ved å gje monaleg stønad til flyktningane frå Sør-Afrika og Namibia, til frigjeringsrørslene ANC, PAC og SWAPO og til offera for apartheidpolitikken inne i Sør-Afrika.

Lova om boikott av Sør-Afrika forbyr norske skip og utanlandske skip som blir styrte eller disponerte frå Noreg, å frakte råolje til Sør-Afrika og Namibia. Ei særleg meldeplikt som er pålagd reiarlaga, gjer det mogleg for styresmaktene å kontrollere at forbodet blir respektert. Utviklinga blir følgd nøye, og styresmaktene har til no ikkje fått melding om brott på forbodet. Då lova vart vurdert etter eit år, konkluderte ein med at ho verka som planlagt.

I august 1988 var Noreg vertsland for ein konferanse om flyktningssituasjonen i det sørlege Afrika, arrangert av FN og Organisasjonen for afrikansk einskap, OAU. Konferansen sette søkjelyset på konsekvensane av apartheid for dei som blir tvinga til å leve som flyktningar, og drøfta kva det internasjonale samfunnet kan gjere for å lette situasjonen som dei lever i.

Noreg har under den kvoteordninga som er oppretta og i samarbeid med FNs høgkommissær for flyktningar teke imot store grupper av politiske flyktningar, i første rekke frå Asia, men også frå Afrika og Latin-Amerika.

Stønaden til internasjonal nødhjelp er halde opp. Den blir fordelt omtrent likt på internasjonale og frivillige norske organisasjoner. Ein stor del av hjelpa er gått med til hjelpearbeid blant afganske flyktningar i Pakistan og i aukande grad til nødlidande inne i Afghanistan. Nødhjelpsprosjekt i Latin-Amerika og Afrika har også fått høg priorititet.

Noreg tek aktivt del i eit koordinerande samarbeid med tanke på å redusere den aukande straumen av spontanflyktningar til Europa.

Noreg har som medlem av FNs menneskerettskommisjon frå 1. januar 1986 arbeidd for å styrke det synet at krenkingar av menneskerettane, same kvar dei finn stad, kjem heile verdssamfunnet ved. I kommisjonen har Noreg komme med fleire framlegg med sikte på å få oppslutning om dei normene som er etablerte på menneskerettsområdet innanfor FN.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt energisamarbeid, m.a. innanfor Det internasjonale energibyrået, IEA, og innanfor det nordiske samarbeidet. IEA legg i arbeidet sitt særleg vekt på sikker forsyning av olje og gass.

Gjennom tosidige kontaktar med andre oljeproduserande land i og utanfor OPEC og i samarbeidet innanfor IEA har Noreg teke til orde for å stabilisere oljeprisane på eit rimelig høgt nivå og at ein får i stand eit globalt energipolitisk samspel mellom dei oljeeksporterande og oljeimporterande landa. Siktemålet er å få til større stabilitet og gjøre det lettare

å bli merksam på endringar på førehand i oljemarknaden gjennom betre kontaktar og større gjensidig forståing. Det norske synet samsvarer med dei tilrådingane som Verds-kommisjonen for miljø og utvikling har komme med om at det er naudsynt med nærmere globale energipolitiske kontaktar.

For å medverke til stabile oljepriser på eit rimeleg nivå har Noreg avgrensa oljeproduksjonen sin. Avgrensinga utgjer 7,5 prosent i høve til dei godkjende produksjonsprogramma. Føresetnaden for å setje i verk dei norske produksjonsavgrensingane er at andre oljeproduserande land, særleg OPEC-landa, set i verk effektive tiltak for å stabilisere oljeprisene på eit rimeleg høgt nivå.

Det er arbeidd ut nytt mandat og oppnemnt nye medlemmer til Rådet for kultursamarbeid. Formålet med reorganiseringa er å få rådet til å spele ei større og meir funksjonell rolle i kultursamarbeidet med utlandet.

Nye samarbeidsprogram er forhandla ferdige under kulturavtalene med DDR, Tsjekkoslovakia, Egypt, Forbundsrepublikken Tyskland og Sovjetunionen.

Den omfattande nordiske kulturmanifestasjonen i Scandinavia Today som vart innleidd hausten 1987 i Japan, er i år følgd opp med vellykka norske mønstringar av biletkunst og tekstilar, smykkekunst, trearkitektur og møbelformgjeving.

Etter innbyding frå det sovjetiske utanriksdepartementet er det gjennomført konsultasjoner om informasjons- og pressespørsmål. Slike konsultasjoner skal heretter førast kvart år.

På det utanriksøkonomiske området har Regjeringa styrkt kontaktane med Det europeiske fellesskapet og systematisert arbeidet med EF-spørsmål. Gjennomføringa av den indre marknaden i EF stiller Noreg overfor store utfordringar, og Regjeringa har lagt opp til ein sterkare norsk innsats i dei samarbeidsforsa vi har med EF, innanfor ramma av den tilknytingsforma som vi i dag har med Fellesskapet. Stortinget har i drøftinga av stortingsmeldinga om Noregs forhold til EF og europeisk samarbeid slutta seg til den linja Regjeringa har lagt opp til.

Det er sett ned eit regjeringsutval for å leie det arbeidet styresmaktene står overfor i EF-spørsmål. Det er skipa eit eige statssekretærutval og eit embetsutval for å sikre ei best mogleg samordning av arbeidet. Regjeringa har vedteke at utforminga av norske lover og forskrifter skal vurderast med tanke på at dei skal samsvara med regelverket i EF.

Regjeringa har lagt stor vekt på samarbeidet mellom EFTA og EF med sikte på å gjere

heile Vest-Europa til ein meir einskapleg marknad. EFTA-landa har vorte samde om ein konvensjon for gjensidig godkjenning av prøvingar og sertifiseringar, og dei har sett i verk ein betre informasjonsprosedyre for tekniske forskrifter.

Parallelt med det europeiske arbeidet for større integrasjon har Regjeringa elles lagt vekt på å styrke og byggje ut dei tosidige kontaktane mellom Noreg og dei europeiske partnarane våre.

Det internasjonale forskings- og teknologisamarbeidet, særleg med Europa, er under stadig utvikling. Norsk deltagning i det teknologiske og vitskaplege samarbeidet mellom EF-kommisjonen, EF-land og vesteuropeiske ikkje-EF-land, COST, har auka sterkt. Innanfor ramma av den tosidige forskingsavtala med EF frå 1986 går det føre seg eit aktivt arbeid for å knyte norske forskingsinstitusjonar nærmere til forskningsprogramma og prosjekta i EF. Noreg forhandlar m.a. om medlemskap i SCIENCE-programmet. Dette programmet har som formål å leggje forholda til rette for ei effektivisering av europeisk forsking, mellom anna ved utveksling av forskrarar.

I industrisamarbeidet i EUREKA er Noreg sterkt engasjert, og engasjementet aukar framleis. Innanfor den europeiske romorganisasjonen er det forhandla fram ei avtale med USA om eit romstasjonsamarbeid. Dermed er grunnlaget lagt for norsk deltagning i det strategiske romstasjonsprogrammet Columbus. I tillegg tek Noreg del i bererakettprogrammet Ariane 4 og romferjeprogrammet Hermes.

Noreg har det siste året skrive under avtaler om varsling av atomulykker og om informasjonsutveksling om kjernekraftanlegg med Storbritannia, Sovjetunionen og Forbundsrepublikken Tyskland.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å betre kontrollen med tungtvatn som er eksportert frå Noreg.

Noreg har vore med på å utarbeide konvensjonen av 2. juni 1988 om mineralressursane i Antarktis. Konvensjonen sikrar fred og samarbeid i Antarktis framover, og tek vare på avgjerande miljøvernomsyn.

I det internasjonale miljøvernarbeidet er forhandlingane om ein internasjonal protokoll for å redusere utsleppa av nitrogenoksyd sluttførte. Protokollen vil vere eit tillegg til ECE-konvensjonen om grenseoverskridande luftureining.

Protokollen som vedrører stoff som reduserer ozonlaget, som er eit tillegg til Wien-konvensjonen av mars 1985, vart ratifisert av Noreg i juni 1988.

På Nordsjø-konferansen i London i oktober 1987 vart det vedteke å redusere utsleppa av miljøgifter og næringssalt med 50 prosent innan 1995. Vedtaka er viktige steg i det vidare arbeidet med å betre den ueheldige ureiningsutviklinga i Nordsjøen. Det var også semje om å få slutt på all forbrenning av kjemisk avfall i heile det nordaustlege Atlanterhavet innan 1994. Seinare er samarbeidet om å redusere dei ureinande utsleppa av næringssalt, som ei følgje av algeoppblomstringa i Nordsjøen, utvida til å femne om heile det nordaustlege Atlanterhavet.

Noreg og Sovjetunionen skreiv under ei tosidig miljøvernnavtale av praktisk karakter då statsminister Rysjkov vitja Noreg i januar. Det er skipa ein blanda norsk-sovjetisk miljøvernkommisjon.

Utanriksministeren tok i mars opp spørsmålet om sur nedbør med den britiske kollegaen sin. Kontaktene på høgt politisk plan vil bli ført vidare. Deklarasjonen frå miljøvernministermøtet i Noordwijk i november 1987 representerer eit viktig framsteg i miljøvern-samarbeidet mellom EF og EFTA.

Innanfor det nordiske samarbeidet er eit arbeidsprogram for miljøvern og ein plan mot kyst- og havureining lagde fram av Ministerrådet. Ein handlingsplan på kulturområdet vart lagd fram til sesjonen i Nordisk Råd i Oslo. Planen femner om heile kultursektoren, forsking, utdanning og allmennkultur. Det nye industrielle senteret i Oslo har starta verksamda si. Senteret byggjer på Nordisk Industrifond og vil få mykje å seie for nordisk teknologiutvikling og forsking og utvikling.

Å få bort handelshindringar har høg prioritett, og det er viktig for å gjennomføre heime-marknad i Norden og når det gjeld tilpassinga til Europa-samarbeidet.

Regjeringa har teke aktivt del i arrangementet av likestillingskonferansen Nordisk Forum i Oslo i juli–august 1988.

GATT-forhandlingane om betring og utviding av det fleirsidige handelssystemet har vorte intensivert det siste året. Frå norsk side er formålet med GATT-runden følgt opp gjennom forhandlingsutspel på dei fleste forhandlingsområde. Deltakinga i GATT-runden skjer i nært samarbeid med Finland, Island og Sverige.

Fordi OECD har fått meir og meir å seie for dei årlege toppmøta mellom dei leiande industrinasjonane i verda, USA, Japan, Vest-Tyskland, Storbritannia, Frankrike, Italia, Canada og dessutan EF-kommisjonen, har det norske engasjementet i OECD-arbeidet vorte viktigare.

Internasjonaliseringa av norsk næringsliv er viktig som eit ledd i å auke vekstevna i

fastlands-Noreg. Det er lagt vekt på tiltak som siktar mot å fremje konkurransedyktig eksport. Samanslåinga av Utanriksdepartementet og Handelsdepartementet har gjort sitt til å effektivisere og samordne den offentlege innsatsen for eksport og internasjonalisering. Regjeringa har dessutan sett i gang eit omfannande arbeid med å forme ut framlegg til ein nasjonal eksportstrategi som omfattar både framlegg for det offentlege apparatet og for næringslivet.

Det økonomiske og handelspolitiske samarbeidet med Sovjetunionen, dei austeuropeiske landa og Kina er ført vidare i samsvar med det avtaleverket som ein har. Samarbeidsprosjekt er realiserte, og gjensidige gjestingar på høgt politisk nivå er gjennomførte.

Det er ei veksande interesse for auka samarbeid innanfor handel og økonomi i nord mellom norsk og sovjetisk næringsliv. Regjeringa har særleg støtt opp om aktivitetar i det lokale næringslivet slik at det skal kunne dra nytte av utviklinga på sovjetisk side.

Lov om kontroll med eksport av strategiske varer, tenester og teknologi vart sett i verk i desember 1987. Arbeidet med å styrke det administrative apparatet og å revidere og ajourføre regelverket for denne eksporten er langt på veg gjennomført. Særleg er det lagt vekt på å betre samarbeidet mellom den delen av forvaltninga som utferdar lisensar, og tollstyremaktene, styrke den tekniske kompetansen i Utanriksdepartementet og å utvide informasjonsopplegget og samarbeidet med næringslivet.

Det høge nivået for norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Hjelp frå Noreg til utviklingslanda utgjorde i 1987 1,10 prosent av bruttonasjonalproduktet. Stønaden fordelte seg med nærmere 54 prosent til den tosidige hjelpa og om lag 43 prosent til den fleirsidige. Til administrasjon og opplysningsarbeid vart det nytta i overkant av 3 prosent.

Land i Afrika sør for Sahara har vore høgt prioriterte. Det nordiske samarbeidet med SADCC-landa er alt nemnt. Av den totale tosidige hjelpa i 1987 vart meir enn 62 prosent sett av til Afrika. Av dette mottok dei fem hovedsamarbeidslanda i verdsdelen om lag 60 prosent.

Den langsiktige planen for tørkebeltet i sørkanten av Sahara er ført vidare. Hovudmålsetjinga er auka matproduksjon og økologisk rehabilitering.

Om lag 28 prosent av den tosidige hjelpa gjekk til land i Asia. Stønaden til dei 4 hovedsamarbeidslanda Bangladesh, India, Pakistan og Sri Lanka har i større grad enn for landa i Afrika bygd på mindre personellkrev-

jande stønadsformer som varehjelp og importstønad.

Innsatsen i Mellom-Amerika har auka sterkt. Eit hovudformål med innsatsen er å styrke eit fredeleg politisk og økonomisk utviklingssamarbeid i regionen. I tråd med dette er stønaden til regionale institusjonar og tiltak som fremjar samarbeidet landa imellom, auka. Det vart i 1987 oppretta eit norsk fredskorps i regionen, og dei første deltakarane er no i arbeid. Noreg samarbeider med dei andre nordiske landa om stønad til regionale tiltak og institusjonar.

Auken i stønaden til utviklingsprosjekt som blir administrerte gjennom private organisasjonar, har vore sterk gjennom 80-åra. Denne utviklinga har halde fram både i 1987 og 1988, og overføringane utgjer no vel 6 prosent av den totale stønaden.

Regjeringa har i ei stortingsmelding varsla ei omlegging og styrking av dei noverande næringslivsordningane innanfor utviklingshjelpa. Regjeringa har vidare gjort framlegg om å skipe eit nordisk investeringsfond, NUF. Formålet med fondet er å gje myke lån til land i den tredje verda, samstundes som ein trekkjer nordisk næringsliv inn i eit nærrare samarbeid med utviklingslanda.

Arbeidet med å integrere kvinnene sterke i utviklingsprosessen held fram etter fastlagde retningslinjer. Arbeidet med menneskerettane i vid forstand har også vorte ein meir integrert del av utviklingspolitikken.

Stønaden til miljøtiltak og sikring av ressursane i utviklingslanda er gjeven høg priorititet dei siste åra. Talet på reine miljøtiltak som får stønad, har såleis auka sterkt. Samstundes har ein prioritert arbeidet med å utvikle reiskapar for systematisk analyse av miljøsidene ved alle norskstødde tiltak.

Arbeidet med evalueringar av stønadstiltaka er framleis gjeve høg prioritet. Det er no utarbeidd landstudiar for dei fleste hovudsamarbeidslanda.

Utbetalingsane til fleirsidig hjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid auka noko i høve til 1986. Midlane er konsentrerte om dei organisasjonane som ein meiner best vil sikre dei norske målsetjingane, og som ein meiner arbeider mest effektivt.

Det har vore stor auke i stønaden til institusjonar som arbeider med helse- og familieplanlegging. FNs barnefond, UNICEF, og FNs fond for befolkningssspørsmål er sentrale i denne sammenhengen.

I 1987 vart det skipa eit gjeldsfond for å finansiere norske bidrag til internasjonale gjeldsoperasjonar. Fondet gjev Noreg høve til å vere pådrivar i arbeidet med å få i stand

like ordningar. Fondet skal nyttast til tiltak som tek sikte på ettergjeving, rentesubsidiering osb. i samband med skuld til Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Tiltak for å slette gjeld i hovudsamarbeidslanda og SADCC-landa blir gjevne førsterett.

Vern av Noregs tryggleik har som føresetnad eit sterkt forsvar innanfor NATO, og eit aktivt engasjement for avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrusting. Verksemda i Forsvaret har i 1987–88 vore drive etter dei retningslinjene som er dregne opp for femårsperioden 1984–88.

Den første fasen når det gjeld innkjøp av avdelingsluftvern for Hæren er avslutta, og dei brigadane som er høgast prioriterte, er no utstyrt med dette våpensystemet. Feltartilleriet blir modernisert i samarbeid med Nederland og Danmark. Oppbygginga av ammunisjon og miner, innføringa av panservernvåpenet TOW 2, fornyinga av kjøretøyparken i Hæren og utviklinga av det taktiske digitale kommunikasjonssystemet i Hæren, TAD-KOM, er første vidare.

Oppdateringa av eskortefartøy og undervassbåtar av Kobben-klassa har halde fram. Det første ubåtskroget av seks nye undervassbåtar av ULA-klassa er sjøsett. Arbeida i samband med bygginga av tre nye kystartillerifort i Nord-Noreg og Trøndelag er i ferd med å bli fullførte.

Leveransane av 18 nye Bell transporthelikopter til Luftforsvaret er første vidare i 1988. Innkjøpet av rakettluftvernssystemet Norwegian Adapted HAWK nærmar seg slutten. Det fleirnasjonale samarbeidet i samband med utviklinga av ein ny type luft-til-luft-rakett med kort rekkevidd, ASRAAM, er ført vidare.

Arbeidet med å digitalisere sambandet i Forsvaret for å betre kommunikasjonsslinjene har halde fram. Samstundes har det gått for seg eit større arbeid for å effektivisere drifta og forvaltninga av Forsvaret ved å innføre nye edb-system.

Utbygginga i samband med omorganiseringa av brigaden i Nord-Noreg til Brigade 90 panserforsterka er ført vidare. Dei bygnings-tekniske arbeida er omfattande. Sikring av våpen- og ammunisjonslager har fått priorititet. Det er også lagt vekt på trivselsfremjande tiltak som utbetringar av forlegninga for befal og mannskap.

Forsvaret har også det siste året hatt ein noko vanskeleg personellsituasjon med mangel på røynt personell av visse viktige kategoriar. Det blir heile tida arbeidd for å finne løysingar som kan betre situasjonen.

Folkemengda pr. 1. juli var 4 210 900 etter førebels tal. Tilveksten i første halvår var

12 600. I 1987 auka folkemengda med 22 800 mot 16 300 året før. Nettoinnflyttinga frå utlandet auka i 1987 til 13 800 mot 7 500 i 1986.

Samstundes auka talet på fødde med 1 500, noko som gav ein oppgang i talet for samla fertilitet til 1,75 frå 1,71.

Ved utgangen av 1987 var 14 prosent av folkemengda 67 år og eldre. Tilsvarande tal 10 år tidlegare var 12 prosent. Det var registrert 124 000 med utanlandske statsborgarskap pr. 1. januar 1988. Av desse var 71 000 av europeiske nasjonaliteter.

Førebels oppgåver over varebyte med utlandet syner at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1988 var 69,0 milliardar kroner. Verdien var 3,3 milliardar kroner mindre enn i fjor. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer var 68,0 milliardar kroner i same perioden, eller om lag 2,1 milliardar meir enn i januar–juni 1987. Av utførsla i dei første seks månadene utgjorde råolje og gass 24,6 milliardar kroner, mot 27,7 milliardar kroner i fjor.

I januar–april 1988 var det eit importoverskott for varer på i alt 0,4 milliardar kroner, mot eit eksportoverskott på 2,1 milliardar kroner i januar–april 1987. For tenester var det eit importoverskott på 0,5 milliardar kroner i januar–april 1988 mot 0,6 milliardar kroner i same perioden i 1987. For renter og stønader var det eit underskott i januar–april 1988 på 6,9 milliardar kroner mot 6,1 milliardar kroner i januar–april 1987.

For perioden januar–april 1988 var det eit underskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 7,7 milliardar kroner, mot 4,6 milliardar kroner i januar–april 1987. Underskottet på driftsrekneskapen for januar–april 1988 og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 7,9 milliardar kroner vart motsvart av ein netto inngang av langsiktig kapital på 15,6 milliardar kroner.

Den norske registrerte handelsflåten auka med 1 628 000 bruttotonn i første halvår i år, og var på 9,0 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. 1 145 skip på til saman 1,8 millionar bruttotonn var registrerte i det ordinære skipsregisteret, medan 250 skip på tilsaman 7,2 millionar bruttotonn var registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister, NIS.

Ved utgangen av 1987 var det ved utanlandske verksteder skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 0,4 millionar bruttotonn. Det var ein nedgang på 0,1 million bruttotonn frå utgangen av 1986. For tørrlastskip gjekk fraktratane noko opp i 1987 og dei første månadene i 1988. Ratane for tankskip har vore dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa. Ved utgangen av juni låg 0,1 prosent av handelsflåten i opplag, det same

som eitt år før. Sommaren 1988 var det 23 norske registrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene gjekk også i 1987 noko ned samanlikna med åra før.

Bruttoinntektene for skipsfarten i utlandet i 1987 var på 27 milliardar kroner. Bruttofraktinntektene utgjorde 13 prosent av dei totale eksportinntektene i Noreg i 1987.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei seks første månadene av 1988 3,4 prosent høgare enn i same perioden i 1987. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 6,4 prosent medan industrinæringane synte ein auke med 0,3 prosent. Det var ein produksjonsauke på 2,6 prosent i skjerma industri, medan det var eit fall på 2,3 prosent i heimekonkurrerande industri. Utekonkurrerande industri og bergverksdrift hadde ein auke på 3,8 prosent i høve til same perioden året før.

Produksjonen av olje og gass på den norske kontinentalsokkelen var i 1987 77,7 millionar tonn oljeeiningar, mot 67,9 millionar tonn oljeeiningar i 1986.

I dei sju første månadene i 1988 vart det produsert 49,0 millionar tonn oljeeiningar. Det er ein auke på 5,5 prosent i høve til same perioden i fjor.

Investeringskostnadene til faste installasjoner og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1987 27,5 milliardar kroner. Det er nær 3 milliardar kroner meir enn året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i 5 milliardar kroner, ein nedgang på 1,7 milliardar kroner frå året før.

Det vart utlyst 21 blokker i Nordsjøen i den tolvte konsesjonsrunden, fase I, i andre halvår 1987. 23 selskap søkte om eigardelar og operatørskap, og det var god spreiing på søknadene. I tildelinga i juli 1988 vart det tildelt elleve utvinningsløyve. Desse løyva dekkjer 16 blokker eller delar av blokker.

Det totale salet av petroleumsprodukt innanlands var i 1987 8 970 millionar liter. Det var det same som året før. Totalsalet i første halvåret 1988 var 4 168 millionar liter, ein nedgang på 4,2 prosent samanlikna med same perioden i 1987.

Det er godkjent ein revidert plan for utbygging og drift av rørleidningen Zeepipe, som skal transportere gass frå Troll- og Sleipnerfeltet til Zeebrugge i Belgia.

Vidare er utbygging av Snorrefeltet og ein revidert plan for utbygging og drift av Oseberg, fase II vedteke. Utbygginga av det mannskapslause feltet Hod i den sørlege delen av Nordsjøen er godkjend. Petroleumen frå Hod skal transporterast til installasjonar som er bygde før. Eit tidlegproduksjonssystem på Heidrun er også vedteke, og ein ventar at

det skal komme i drift sommaren 1990.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1987 104,3 milliardar kilowatt-timar (TWh), 7,3 prosent høgare enn i 1986. I første halvåret 1988 var produksjonen av kraft 54,6 TWh. Det er ein nedgang på 1,2 prosent i høve til første halvåret 1987. I 1987 var det eit mindre eksportoverskott på 0,4 TWh, medan vi året før hadde ein svært høg nettoimport av kraft, 2,0 TWh.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft har i første halvåret 1988 gått ned med 1,5 prosent i høve til same tidsrommet året før. Det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning auka med 1,4 prosent i den same perioden. I tolvmånadersperioden juli 1987 til og med juni 1988 var bruttoforbruket av kraft 103,1 TWh, ein oppgang på 1,8 prosent i høve til same perioden eit år tidlegare.

Magasinfyllinga var i midten av juli i år 74,2 prosent mot 68,5 prosent på same tida i fjor. Det har vore ein tilvekst i magasinkapasiten, slik at den prosentvis oppfyllinga i år er rekna av ein større magasinkapasitet. Energi mengda i magasina var i midten av juli i år rekna til 56,8 TWh, mot 51,3 TWh på same tid i fjor.

I 1987 auka installert maskinkapasitet med 853 megawatt (MW) og fastkraftproduksjons- evna med om lag 2,2 TWh. I første halvåret 1988 var tilveksten i installert maskinkapasi- tet 44 MW, og fastkraftproduksjonsevna auka med om lag 0,1 TWh.

Den sterke veksten i det private konsumet i 1985 og 1986 førte til ein monaleg auke i omsetninga i den innanlandske varehandelen, i sysselsetjinga og også i talet på verksemder i handelsnæringa. Det omsette volumet i vare- handelen gjekk ned mot slutten av 1986. I en- groshandelen vart det omsette volumet redu- sert med 2,9 prosent og i detaljhandelen med 6,9 prosent i 1987.

I første halvåret 1988 vart det omsette volu- met i detaljhandelen totalt redusert med 8,1 prosent samanlikna med første halvåret 1987. Det er framleis den store nedgangen i omset- ningsvolumet for varegruppa motorkjøretøy og bensin på 15,9 prosent som dreg ned den samla omsetninga i detaljhandelen. Utanom motorkjøretøy og bensin var det omsette volu- met i detaljhandelen redusert med 4,0 prosent.

I engroshandelen var det omsette volumet redusert med 6,0 prosent første halvår i 1988 samanlikna med den same perioden året før. Utanom motorkjøretøy og bensin var reduk- sjonen 3,2 prosent i engroshandelen i denne perioden.

Det reduserte omsetningsvolumet frå og med slutten av 1986 har ikkje ført til ei til- svarande tilpassing med omsyn til arbeids-

kraftforbruket. Innanfor engroshandelen har det vore auke i sysselsetjinga i perioden, med- an det i detaljhandelen berre har vore ein svak reduksjon i sysselsetjinga.

Konsumprisindeksen auka frå august 1987 til august i år med 6,6 prosent. Etter eit hopp i prisstiginga frå februar til mars er stigings- takta over dei tolv siste månadene på nytt på veg nedover.

Prisindeksen for førstegongsomsetning innanlands låg i august 5,6 prosent høgare enn året før, medan produsentprisindeksen auka med 4,8 prosent i denne perioden.

Den totale sysselsetjinga auka i 1987, men veksten minka mot slutten av året. Talet på sysselsette auka med 40 000 personar i 1987, dvs. 1,9 prosent. Talet på utførte timeverk var likevel uendra i høve til 1986, noko som kjem av at arbeidstida vart nedsett frå 1. januar 1987. I 1988 har den totale sysselsetjinga gått noko ned sidan årsskiftet.

Sysselsetjinga auka i 1987 sterkest i bank- og forretningsverksemde, i byggje- og anleggsvirksemde og i helse- og sosialstell. Industrien og primærnæringane hadde nedgang i syssel- setjinga i 1987.

Tilgangen på ledige stillingar melde til arbeidskontora var 27 000 i 1987 eller tilnærma den same som i 1986. Det var ein auke i til- gangen på ledige stillingar særleg innanfor handel- og servicearbeid, medan industri og byggje- og anleggsvirke synte ein nedgang i same perioden.

I gjennomsnitt var det registrert 32 400 arbeidslause i 1987, og av desse var det 18 400 menn og 14 000 kvinner. Den registrerte arbeidsløysa utgjorde 1,5 prosent av arbeidsstyr- ken i 1987. Frå 1986 til 1987 gjekk arbeidsløysa ned eller var uendra i alle fylke så nær som Aust-Agder og Finnmark.

Tala for 1. halvåret 1988 syner ein auke i den registrerte arbeidsløysa til i gjennomsnitt 41 900 arbeidslause. Det er 7 900 høgare enn i same perioden året før. Vestlandsfylka har hatt den sterkeste auken i denne perioden, men også sentrale austlandsfylke med låg arbeidsløyse har hatt etter måten stor auke. I dei nordlegaste fylka har auken vore etter måten mindre enn for landet under eitt.

I 1987 var det ein nedgang i arbeidsløysa blant ungdom under 20 år, medan den for gruppa 20–24 år auka mot slutten av året. I første halvåret i 1988 har arbeidsløysa auka innanfor begge aldersgruppene.

Ved utgangen av januar i år var den gjen- nomsnittlege arbeidsløyseperioden 17 veker, det same som året før. Talet på personar som har vore utan arbeid eit halvt år eller meir, auka frå året før med 155 og utgjorde knapt 8 000 personar.

I første halvåret i 1988 har det i gjennomsnitt vore sysselsett 17 900 personar i arbeidsmarknadstiltak. Det er 800 færre enn i same perioden i 1987. 11 200 personar var sysselsette i attføringsstiltak, det vil seie mellombels og meir varige tiltak for yrkeshemma. Det er 300 færre enn eit år tidlegare.

Sjølv om arbeidsmarknaden er vorten mindre stram dette året, er det framleis tydelege tilpassingsproblem. Arbeidskraftstyresmaktene legg vekt på tiltak som kan lette omstillingane, t.d. opplæring og kvalifisering. Ein har prøvd å sikre arbeidskraft til verksemder og næringer i vekst, samstundes som ein har prøvd å avgrense problema ved arbeidsløyse for den enkelte.

Arbeidsmarknadsstyresmaktene har utvida samarbeidet med andre styresmakter for å styrke innsatsen overfor einskilde grupper, m.a. unge arbeidslause sosialhjelpmottakarar.

Det er i 1988 løyvd ekstra midlar til arbeidsmarknadstiltak for å møte den auka arbeidsløysa og for å avgrense problema som er knytt til større nedleggingar av verksemder.

Til dei ulike arbeidsmarknadstiltaka, opplærings-, kvalifiserings- og attføringsstiltak, flyktningstiltak m.m. er det for budsjetttåret 1988 løyvd til saman 1 805,5 millionar kroner. Det tilsvarande rekneskapstalet for 1987 var 1 682 millionar kroner.

Innanfor arbeidsmiljø- og tryggleiksforvaltinga er det sett i gang eit omfattande metodisk arbeid med regelverksutvikling. Målet er å komme fram til eit moderne og funksjonelt regelverk som byggjer på prinsippet om internkontroll.

Det vart i 1987 sett i gang bygging av om lag 29 000 bustader, som er det same som i 1986. I første halvåret i år ligg bustadbygginga noko høgare enn i fjor, men tala for igangsetjing har synt nedgang dei siste månadene. Også for nye næringsbygg er det tendens til nedgang i tala for igangsette bygg.

Byggiesektoren har vore sterkt pressa med mangel på arbeidskraft og stigande byggjeprisar. Frå juni 1987 til juni 1988 steig dei totale byggjekostnadene for einebustader med 9,7 prosent og for bustadblokker med 11 prosent.

Det er ein heller stor kø av søkjavarar til oppføringslån i Husbanken. Ved inngangen til andre halvåret i år låg det søknader om lån til 15 000 bustader i lånekøen. Husbanken er pålagd å prioritere mindre bustader og spesielle prosjekt. For dei fleste søkjavarar er no ventetida om lag eitt år.

Prøveprosjektet med finansiering av utleigebustader blir framleis møtt med stor interesse i kommunar og bustadbyggjelag.

Den auka tilstrøyminga av flyktningar og asylsøkjavarar er ei stor utfordring på bustad-

sektoren. Frå 1. juli i år er Selskapet for innvandrerboliger og Stiftelsen flyktningboliger slegne saman til Selskapet for innvandrer- og flyktningboliger. Dette vil gje ei betre samordning av bustadtiltaka for desse gruppene.

Utgiftsveksten i kommunesektoren auka monaleg i 1987 og gjorde sitt til at underskottet før lånetransaksjonar nådde opp i om lag 6 milliardar kroner mot om lag 0,8 milliardar kroner i 1986.

I dei 24 kommunane og fylkeskommunane med frikommunestatus er det til no planlagt eller under planlegging over 50 prosjekt. Desse femner fra små endringar i ei einskild kommunal verksemd og mindre justeringar i statlege kontrollordningar til gjennomgripande endringar i styringsstruktur og omfattande delegering av avgjerdsmakt og ansvar frå statleg til fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Frikommunelova er endra, slik at to fylkeskommunar til vil få drive forsøk med samordning av nærings- og distriktpolitisk verksemd.

Fordi det er ein aukande regional ubalanse i utviklinga i sysselsetjinga fram til 1986, er den distriktpolitiske innsatsen styrkt. Ubalansen er vorten noko mindre i 1987. Særleg har Nordland og Finnmark hatt tilbakegang i folketaket i 80-åra. I distriktpolitikken er Nord-Noreg prioritert når det gjeld å fremje eit meir variert og framtidsretta grunnlag for sysselsetjing og busetjing.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1987 tilsegn om lån, nye garantiar for lån, investeringstilskott og bedriftsutviklingstilskott med i alt 2 089 millionar kroner. Av det samla tilskottet frå fondet gjekk 38 prosent til Nord-Noreg. Første halvåret i år syner ein aukande etterspørsel etter bedriftsutviklingstilskott.

Stønaden til kommunalt tiltaksarbeid er aukande. Frå 1987 er det oppretta ei eiga løving til kommunale næringsfond. I 1987 og 1988 har til saman 119 kommunar teke imot til saman 121 millionar kroner til slike næringsfond.

Frå 1.1.88 er ansvaret for disponeringa av størstedelen av løvinga til regionale utviklingstiltak overført til Distriktsutbyggingsfondet.

I Sør-Noreg kom våren tidleg i år og plantevirksten fekk ein svært god start. Ein tre veke lang tørkeperiode med svært høg temperatur førte til ein urovekkjande tørkeperiode i juni. Tørkeskadane vart stansa av store nedbørsmengder i juli, som også retta opp noko av tørkeskadane på lettare jordarter.

Kornavlinga ser ut til å bli som i eit normalår, noko varierande etter jordart og såtid. For heile landet ser det ikkje ut til å bli nemnande avlingsreduksjonar etter tørke og regn-

vår. Engavlinga vart svært god i heile Sør-Noreg og i Trøndelag. Nedbøren i juli gav godt grunnlag for gjenveksten på eng og beite. Potetavlinga ser også ut til å kunne bli tilfredsstillande god.

I Nord-Noreg var det kaldvær i april—mai med våronn opptil to veker seinare enn vanleg. Varmt vær og nedbør etterpå gav gunstige veksttilhøve slik at det er grunn til å kunne vente bortimot normale avlingsresultat i Nord-Noreg dette året.

Landbruksdepartementet arbeider med tiltak mot ureining fra punktkjelder, i hovudsaka frå gjødsellager og siloanlegg. Det er sett som vilkår for statlege tilskott og lån at bruket har stort nok spreieareal for husdyrgjødsela. Ein er også merksam på ureining som kjem av erosjon og avrenning frå jordbruksareala. I nokre fylke blir det gjort registreringar med tanke på å setje i verk tiltak som kan gjere erosjonen mindre i utsette leirjorddistrikta.

Det er komme ny forskrift for tilskott til tekniske miljøtiltak. Etter denne skal ureiningsproblema på bruket bli vurdert samla, og det blir gjeve statleg stønad berre dersom det kan leggjast fram planar som omfattar nødvendige tiltak for å redusere alle kjelder til ureining frå bruket. Dei økonomiske verke-midla blir følgde opp med auka innsats når det gjeld gjødslingsplanlegging og planar for tekniske tiltak og ved oppfølging og kontroll når tiltaka skal gjennomførast.

Mjølkeproduksjonen for 1988 er rekna til å bli 1 820 millionar liter kumjølk og 26 millionar liter geitemjølk. Det er 32 millionar liter mindre kumjølk og 1 million liter mindre geitemjølk enn det som vart produsert i fjor, og marknadsbalansen i mjølkeproduksjonen er med dette betra. Konsummjølksalet sett under eitt er stabilt, men med ein heller stor overgang frå heilmjølk til lettmjølk og skumma mjølk. Salet av smør går ned.

Produksjonen av storfe- og saupekjøtt er stabil og med god marknadsbalanse. For svinekjøtt ligg det an til ein ganske stor overproduksjon i 1988. Det er sett i verk tiltak for å betre marknadsbalansen.

Verknaden av reaktorulykka i Sovjetunionen i 1986 gjer seg også gjeldande i 1988. Ordningane som skal dempe dei økonomiske følgjene for produsentane, er ført vidare.

Jordbruksdrøftingane i år enda med avtale mellom staten og Noregs Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut drøftingane. I samband med drøftingane la Regjeringa til grunn som eit hovudprinsipp likskap i inntekter og levevilkår mellom bønder og industriarbeidarar. Den vanskelege økonomiske situasjonen gjorde det ikkje mogleg å nå dette målet i 1988. Avstanden i inntekt og levekår

mellan dei to gruppene blir likevel noko mindre enn i 1987.

Ved fordelinga av den auka inntektsramma vart det lagt vekt på at utjamninga av inntektene i jordbrukssektoren skal halde fram. Størst tillegg vart det gjeve til mjølkeprodusentane og til bruk i Nord-Noreg.

I skogbrukssektoren vart det avverka 9,6 millionar kubikkmeter tømmer og ved til sal i driftsåret 1986–87. Det er ein auke på 5 prosent i høve til året før. Førebels rapportar tyder på at avverkinga for 1987–88 vil bli endå større. Det er grunnlag for at auken i avverkinga kan halde fram i store delar av landet. Den norske skogskadeberedskapen er styrkt i høve til tidlegare.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår i år 940 000 tonn målt som rund vekt mot 914 000 tonn 1. halvår 1987. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2 329 millionar kroner som er om lag 550 millionar mindre enn i same tidsrommet i fjor.

Fangstane i torskefisket har gått ned medan fisket av sild og tobis viser ein stor kvantumsauke. Verdioppgangen for desse to fiske-sortane var likevel ikkje stor nok til å vege opp for den totale verdinedgangen i torskesektoren. Av torsk er det landa om lag 28 000 tonn mindre enn til same tid i fjor, og av sei om lag 15 000 tonn mindre. Av industrifisk er det landa om lag 32 500 tonn meir, og av sild om lag 55 800 tonn meir i 1. halvår samanlikna med same perioden i fjor.

Av oppdrettsfisk vart det i 1. halvår omsett 33 950 tonn til ein verdi av 1 340 millionar kroner, mot 23 834 tonn og 845 millionar kroner i 1. halvår 1987.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 3 632 millionar kroner pr. 31. mai 1987 til 3 784 millionar kroner pr. 31. mai 1988.

I transportsektoren auka det samla persontransportarbeidet med 6,3 prosent i 1987 i høve til 1986. Denne veksten er eit framhald av den tendensen vi har sett dei siste åra, og gjev til saman 50 674 millionar personkilometer i 1987.

Dei kollektiva transportmidla tapte på nytt marknadsdelar i høve til dei private. Den kollektive delen, som i 1980–81 var 26,2 prosent, er i 1987 gått ned til 21,5 prosent.

Godstransportarbeidet innanlands synte i 1987 ein auke på 3,4 prosent til 21 234 millionar tonnkilometer.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1987 86 806 km. Det er ein auke på 667 km i høve til året før. Riksvegnettet er på til saman 25 848 km, av dette har 96,8 prosent fast dekke. Totalt har 67,6 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke. Pr. 1. januar 1988 var det

tillate med 10 tonns akseltrykk på 71 prosent av riksvegnettet utanom teleløysinga. Det er ein auke frå 1987 på 1 100 km. 69 prosent av riksvegnettet kan trafikkerast med 8 tonns akseltrykk i teleløysinga.

I 1987 vart det opna 162 bruer på riksvegnettet. Av dei var det 15 gang- og sykkelveg-bruer. 25 bruer er forsterka dette året.

I 1987 vart det drive om lag 20 km veggunnel. Det undersjøiske tunnellsambandet Ålesund—Ellingsøy—Valderøy i Møre og Romsdal høyrer til dei viktigaste prosjekta som er stilte ferdige. I Bergen vart det første løpet av Fløyfjell-tunnelen opna, og i Oslo vart Vålereng-tunnelen opna for kjøring nordetter.

I 1987 vart det utbeta 70 ulykkespunkt og 26 ulykkesstrekninger. I det same tidsrommet vart det bygd 122 km gang- og sykkelvegar. Langs riksvegane er det no bygd 1 615 slike vegar.

Ved utgangen av 1987 vart det registrert i alt 2 865 000 kjørerøy i Noreg. Det er ein oppgang på 3,1 prosent frå året før. Av desse var det 1 926 000 bilar. Det samla talet på personbilar var ved utgangen av året 1 623 000. Det svarer til 2,6 innbyggjarar pr. personbil og 2,2 innbyggjarar pr. bil i Noreg.

Trafikken på riksvegnettet auka med 3,2 prosent i 1987.

I 1987 vart 11 488 drepne eller skadde i trafikken. Det er 7,8 prosent færre enn i 1986. Talet på drepne gjekk ned med heile 11,9 prosent frå 452 i 1986 til 398 i 1987.

«Aksjon skoleveg» på fylkesvegar og kommunale vegar vart ført vidare i 1987 med ein kraftig auke i løvinga.

I 1987 hadde ferjetrafikken ein vekst på 3,1 prosent for bilar og 1,3 prosent for personar. Forholdstalet mellom talet på personar og bilar går stadig nedover. 157 ferjesamband blir trafikkerte av ein flåte på 238 ferjer.

Skipstransportarbeidet er totalt rekna til 12,0 milliardar tonnkilometer i 1987, ein auke på 3,2 prosent frå 1986. 56,5 prosent av det totale innanlandske godstransportarbeidet går no sjøvegen.

Hurtigruta Bergen—Kirkenes hadde ein nedgang frå 283 652 passasjerar i 1986 til 268 918 passasjerar i 1987, eller 5,2 prosent. Godstrafikken gjekk ned med 12,6 prosent i det same tidsrommet.

Transportarbeidet på jernbanen, målt i personkilometer, gjekk ned med 1,7 prosent i 1987 til 2 187 millionar personkilometer.

Godstrafikken utanom malmtransporten på Ofotbanen utgjorde i alt 2 267 millionar tonnkilometer i 1987. Det er ein nedgang på 4,9 prosent.

Malmtransporten på Ofotbanen utgjorde

12,7 millionar tonn, 10,7 prosent mindre enn i 1986.

Talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner, auka med 10,0 prosent i 1987.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med 7,4 prosent i 1987. Persontransportarbeidet på innanlandsrutene utanom chartertrafikken auka med 9,9 prosent frå 1986 til 2 495 millionar passasjerkilometer i 1987. Det tilsvarer 62,6 prosent av dei tilbodne setekilometrane. Talet på passasjerar som reiste på innanlandsrutene, auka med 10,7 prosent frå 1986 til om lag 5,6 millionar i 1987. På utanlandsrutene auka talet på passasjerar som reiste ut, med 6,1 prosent frå 1986 til 1,43 millionar i 1987.

Trafikkmengda til og frå Oslo-området over Fornebu og Gardermoen var i 1987 om lag 7,0 millionar passasjerar når ein reknar med transitt og transfer. Det er ein oppgang på 9,7 prosent.

I juni 1988 vedtok Stortinget at den framtidige hovedflyplassen for Oslo-området skal ligge på Hurum.

I alt to nye flyplassar utanom stamrutenettet er vortne opna. Dei ligg ved Mosjøen og ved Fagernes.

Telefontrafikken innanlands auka med 13,7 prosent frå 1986 til 1987. Telefontrafikken til utlandet auka med 12,1 prosent. Totalproduktiviteten i Televerket auka i den same perioden med heile 5,1 prosent.

Pr. 31. desember 1987 var det installert i alt 1 901 824 telefonhovudabonnement. Det er ein auke på 85 611 hovudabonnement i 1987. Telefonettleiken i Noreg var på 46,4 telefontilknytingar pr. 100 innbyggjarar.

I 1987 er den totale postmengda rekna til 1 928,2 millionar sendingar. Det er ein auke på 3,7 prosent frå året før. 75,2 prosent av dette var brevpost.

Ved utgangen av 1987 var det i drift 2 686 faste poststader og 4 postekspedisjonar på jernbane og skip. Dessutan var det i verksmed 37 landpoststasjonar og 53 postfilialar. Talet på faste poststader gjekk ned med 15 i 1987. Ved å utvide landpostrutenettet kan ein tilby posttenester til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Overnatningsstatistikken for hotell og andre overnattingsstader synter ein vekst i 1987 på 5 prosent frå året før. Norske gjestedøgn auka med 1 prosent medan utanlandske gjestedøgn auka med 17 prosent. Mykje av denne veksten kom på grunn av asylsøkjarar og flyktningar. Det er registrert om lag 12,3 millionar gjestedøgn, og av desse er omtrent 70 prosent nors-

## Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

17

1988. 3. okt. — Åpning av det 133. ordentlige Storting

ke. På campingplassane var det registrert vel 4,1 millionar overnattingar. Nordmenn står også her for omtrent 70 prosent av belegget.

Handlingsprogramma for likestilling frå departementa blir no gjennomførte over ein toårsperiode. Målet med programma er å integrere likestillingsperspektivet i all offentleg verksemd.

Med verknad frå 1. mai i år er likestillingslova endra. Det blir no kravd minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn i alle offentlege utval, styre, råd m.m.

Stortinget har sluttar seg til stortingsmeldinga om barnehagar mot år 2000 om å auke farten i utbygginga og å sikre kvaliteten i barnehagane. I dag har om lag 115 000 barn plass i barnehage. Det tilsvarer snautt 32 prosent av alle barn i aldersgruppa 0–6 år. Tilveksten av nye plassar har auka. Mangelen på førskolelærarar stig framleis, og det er sett i gang fleire tiltak for å betre tilgangen på personale til barnehagane. Forsøk med lokalt utviklingsarbeid er i gang i seks fylke.

Det er sett i verk eit barneforskningsprogram i samarbeid med NORAS. Barnehageforskning er eit prioritert område i programmet. Forsøka med eit pedagogisk tilbod til 6-åringar er utvida til 42 kommunar.

Arbeidet med fornying i statsforvaltninga går fram etter retningslinjene i fornyingsprogrammet. Ei rekke av dei tiltaka som er nemnde i programmet, blir følgde opp. Det gjeld utvida bruk av edb, meir effektiv sakshandsaming, betring av den sentrale opplysningsstenesta, utarbeiding av planar for verksenda i departementa og styrking av personalfunksjonen.

I samarbeid med partane i arbeidslivet vart inntektsoppgjera for dei sentrale områda i år gjennomførte med moderate tillegg. Den vedtekne inntektsreguleringslova sikrar ein tilsvarande moderasjon for andre grupper.

Ved sida av omfattande oppgåver med kontroll av inntektsreguleringslova, har hovudoppgåva til prisstyremaktene vore å avgrense prisstigninga med aktiv prisovervakning og tiltak for å fremje effektiv konkurranse i næringslivet. For å unngå prispåslag som ikkje har grunnlag i større kostnader, har prisstyremaktene styrkt innsatsen på område som alt er prisregulerte eller særskilt overvaka.

Ved gjennomføringa av finanspolitikken for 1988 er det framleis lagt stor vekt på å rette opp ubalansen i norsk økonomi. Med det vellykka samarbeidet i samband med inntektsoppgjera har Stortinget og partane i arbeidslivet lagt grunnen for ein nedgang i veksten i det private forbruket og skapt rom både for å rette opp norsk økonomi og ei satsing på viktige offentlege oppgåver.

Frå første halvår 1987 til første halvår 1988 steig dei samla utgiftene utanom utgifter til statleg petroleumsverksemd og lännetransaksjonar med 10 prosent. Dei samla utgiftene medrekna lännetransaksjonar var 144,5 milliardar kroner i første halvår 1988. Inntektene på statsbudsjettet steig i same perioden med 6,6 prosent når ein held oljeinntekter og overføringer frå Noregs Bank utanom. Den låge veksten i inntektene må mellom anna sjåast på bakgrunn av den låge omsetnaden av nye bilar i dei 6 første månadene av 1988. I første halvår 1988 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 0,9 milliardar kroner. Underskottet før lännetransaksjonar, korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsverksemd og overføringer frå Noregs Bank, var i første halvår 1988 7,2 milliardar kroner, mot eit underskott på 3,1 milliardar kroner i den same perioden i 1987.

Den samla innanlandske kredittilførsla i 1987 vart klart større enn føresetnaden var i kredittbudsjettet, først og fremst fordi den samla utlånsauken i forretnings- og sparebankane og kredittilførsla over obligasjonsmarknaden auka langt sterkare enn føresetnaden var. Dei registrerte tala for kredittilførsla er likevel truleg større enn den faktiske utviklinga på grunn av det store omfanget av ulike låneavlastingar, t.d. ved at utlån og obligasjoner som vart selde frå den finansielle til den ikkje-finansielle sektoren i 1986, vart kjøpte tilbake att i 1987. Den korrigerte kreditindikatoren til Noregs Bank, som er justert for låneavlastingar, viste at veksten i den innanlandske kredittilførsla har gått ned gjennom året. Medan veksten dei siste tolv månadene låg på om lag 21 prosent ved inngangen til 1987 var den gått ned til 16,7 prosent ved utgangen av året. Veksttakta målt på denne måten har halde fram med å gå ned inn i 1988 og låg ved utgangen av juni på 13,2 prosent.

Kronekursen målt ved kursindeksen fall ganske sterkt mot slutten av fjaråret, etter å ha lege nær den sterkeste grensa i kursintervallet i fleire månader. Etter årsskiftet vart krona gradvis sterkare att til ho nådde ein gjennomsnittleg kursindeks på i underkant av 110 i mai og juni, medan ho i juli gjekk ned att til ein gjennomsnittleg kursindeks på 111,20. Renta på Noregs Banks D-lånetilgang har vorte sett ned i to omgangar, først frå 13,8 prosent til 13,3 prosent den 9. mai, og deretter til 12,8 prosent den 10. juni. Pengemarknadsrentene justerte seg nokolunde tilsvarande.

Tilleggsreservekravet for forretnings- og sparebankane vart oppheva med verknad frå og med kontrolltidspunktet for oktober i fjar. Reguleringa av länegarantiane frå finansinstitusjonane, av utlåna frå skadetrygdelaga og

dei ordinære utlåna frå finansieringsselskapa vart likevel ført vidare. Med verknad frå års-skiftet vart det gjort einskilde meir tekniske justeringar i desse reguleringane, samstundes som det vart lov å omsetje utlånskvotar både mellom skadeselskapa og mellom finansie-ringsselskapa. 1. juli 1988 vart det gjort slutt på desse reguleringane og på lånerammene på obligasjonsmarknaden for lån til bustad-formål, til primærnæringane og til kraftverka. Etter dette er låneramma for kommunane den einaste direkte reguleringa på kreditmarkna-den som er att.

For å sikre framdrift i arbeidet for ei be-rekräftig utvikling, har Regjeringa skipa eit eige miljøutval med statsrådar frå åtte departement. Miljøvernministeren leier utvalet. Ut-valet vil i første omgang ha til oppgåve å føl-gje opp Verdskommisjonen for miljø og utvik-ling, men det skal generelt ta seg av miljø-spørsmål som gjeld fleire departement.

Regjeringa har også dette året styrkt innsatsen mot utslepp av næringssalt til sjøar og vassdrag. Kontrollen med silo og gjødsellager er skjerpa. Ved hjelp av m.a. avgiftsmidlar er det oppretta fleire stillingar ved fylkesmanns-embeta for å føre kontroll med utsleppa frå landbruket. Reinsekrava for kommunale avløp er vortne strengare.

Det er skipa eit eige selskap med ansvar for innsamlingssystemet for spesialavfall.

Arbeidet med å redusere ureiningane frå vegtrafikken er ført vidare m.a. gjennom ved-tak og planar om strengare avgasskrav i framtida.

Det er sett i gang arbeid med miljøpakker i Grenland, Drammensområdet og på Romerike. Pakkene inneber ei samstundes styrking av ulike felt som har noko å seie for miljøtil-høva. Arbeidet går for seg i nært samarbeid mellom dei statlege sektorstyresmaktene og kommunane det gjeld.

Innsatsen mot miljøkriminalitet er styrkt. Det er vedteke å styrke påtalemakta med ei eiga statsadvokatstilling som skal ta seg av miljøkriminalitet.

Norsk institutt for naturforsking er skipa som stiftelse frå 1. september 1988. Det nye forskingsinstituttet omfattar den tidlegare forskingsavdelinga i Direktoratet for naturfor-valtning og forskingseiningerane Økoforsk og Vassdragsforsk under NAVF.

Laksebestanden har gått jamt tilbake dei siste 18 åra pga. sjukdom og overfiske. Ned-gangen har vore særleg dramatisk det siste året. I perioden er det sett i verk omfattande fredingstiltak i elvane og tiltak for å stanse sjukdomsspreiinga.

Gjennom Lenka-prosjektet er det arbeidd

ut eit framlegg om å opprette 51 sikringssoner for laksefisk.

I samarbeid med Kommunenes Sentralfor-bund blir det i denne kommunevalperioden gjennomført eit program for å styrke det lo-kale miljøvernarbeidet. 80 av kommunane i landet tek del i dette.

Regjeringa har gjort framlegg om endringar i plan- og bygningslova og i ein del andre lover om arealdisponering med sikte på å få til eit enklare og meir einskapleg lovsystem.

Riksantikvaren er frå 1. juli skipa som di-rektorat.

Det er sett i verk ei rekke tiltak for å verne interessene til forbrukarane. Rettsstillinga til forbrukarane ved daglegdagse kjøp er styrkt og gjort enklare. Vidare er vernet mot aggres-sive inkassometodar og mot urimelege kost-nader i samband med inndriving av kravet betra.

Foreldingslova er endra slik at vernet for den som har lide skade, er betra når person-skade viser seg lenge etter at den verksemda som valda skaden, tok slutt. Det kan t.d. vere tilfelle ved yrkessjukdommar. Det er vidare gjort framlegg om fleire lover og lovendringar som vil betre forbrukarvernet. Framlegga gjeld den erstatningsrettslege stillinga til for-brukarane ved skadar som er påførte av ska-delege produkt, og ansvar om farlege legemid-del.

Regjeringa har teke eit krafttak for å betre trafikktryggleiken. Oppklaringsrisikoen ved lovbrrott i trafikken er auka monaleg. Det er vedteke endringar i vegtrafikklova, straffelova og straffeprosesslova for å sikre ei meir ef-fektiv straffeforfølging mot grovare trafikk-lovbrrott. Straffereaksjonane mot promillekjø-ring er totalt sett skjerpa ved ein systematisk bruk av strengare bøter kombinert med feng-selsstraff. Inndrivinga av bøter er effektivi-sert, og førarar som gong på gong gjer seg skuldige i lovbrrott, vil oftare risikere at kjøre-tøyet blir inndrege. Politiet har fått utvida lov til å krevje utandingsprøver av førarar, og al-koholkonsentrasjonen i utandingslufta kan nyttast som prov i promillesaker. Politiet har også i år halde ei rad landsomfattande og lo-kale aksjonar retta mot trafikkulykker.

Innsatsen mot narkotikaomsetninga er trappa opp. Det er vedteke ei eiga straffeføre-segn mot kvitvasking av narkotikaforteneste som særleg tek sikte på å råke bakmennene og profittørane i narkotikatrafikken. Den nor-diske sambandsmannsordninga er styrkt og det internasjonale samarbeidet mot narkoti-kaomsetning er utvida. Regjeringa har ved-teke å styrke kampen mot narkotikamisbruk i fengsla, m.a. ved å skipe ei særleg avdeling

for dei harde og profesjonelle narkotikadømde, og ved å ruste opp kontrolltiltaka mot innsmuggling av narkotika til fengsla. Straffelovrådet har fått i oppgåve å greie ut ei straffe-føresegn som er retta mot dopingmisbruk i idretten.

Prosjektet med samfunnsteneste som alternativ til fengselsstraff ved mindre alvorleg kriminalitet omfattar no det meste av landet. Reaksjonsforma har så langt gjeve oppmuntrande resultat.

Regjeringa er i gang med det største byggjeprogrammet for fengsla på over 100 år. Det er planlagt nytt fengsel i Bergen og i Grenland, kapasiteten i Bodø og Sem er utvida, og det er bygd ny avdeling ved Vadsø kretsfengsel.

Som eit ledd i å styrke stillinga til offera i straffesaker, er det vedteke at kravet frå offeret mot lovbytaren om vederlag skal ha prioritet framfor bøtekrapet frå staten, og at påtale utan unntak skal vere offentleg i saker der det er brukt vald mot ektefelle, sambuar eller nærliggande slektning.

Det er lagt fram ei utgreiing som særleg tek for seg incestsaker og m.a. gjer framlegg om forbetingar i stillinga til incestoffera.

Regjeringa har halde fram med arbeidet på det nasjonale og det internasjonale planet for å få sett i verk tiltak mot seksuell utnytting av barn. På norsk initiativ var dette eit av hovudemna på den europeiske justisministerkonferansen i Lisboa i juni. Europarådet har følgt opp vedtaket om å prioritere kampen mot seksuell utnytting av barn i det førebyggjande kriminalitetsarbeidet.

Utlendingsdirektoratet vart skipa 1. januar 1988, og har ansvaret for alle saker som gjeld tilhald for utlendingar i Noreg. Her er også medrekna mottak av flyktningar og asylsøkjarar.

Det er oppretta ei ny sentral forvaltnings-eining, registereininga i Brønnøysund, som m.a. inneheld lausørregisteret og eit nyskipa firmaregister.

Det er vedteke lovendringar om utmåling av vederlag ved personskadar på barn. Endringane har fjerna dei tidlegare skilnadene i vederlagsutmålinga etter kva kjønn, bustad og sosial bakgrunn barnet hadde.

Det er vedteke eigne lovreglar i barnelova med forbod mot vald og anna mishandling av barn.

Dei ordinære stønadssatsane i barnetrygda er sette opp med gjennomsnitt 15,2 prosent frå 1987 til 1988. For barn med einsleg forsørgjar auka stønadssatsane med i gjennomsnitt 15,1 prosent.

Grunnbetøpet i folketrygda auka med kr 500 til kr 30 400 frå 1. januar 1988. Satsane for

særtillegget auka samtidig frå 54,4 til 55 prosent for einslege pensjonistar og frå 49,75 til 50,25 prosent for ektepar. Satsane vart på ny endra med verknad frå 1. april 1988. Grunnbeløpet vart då sett opp med kr 600 til kr 31 000, medan satsane for særtillegget auka til 57 prosent for einslege og 52,25 prosent for ektepar. Minstepensjonen utgjer no 49 176 kroner for einslege pensjonistar og 79 656 kroner for pensjonisteketepar årleg. Det gjev ein gjennomsnittleg auke på 6,7 prosent for einslege og 7,0 prosent for ektepar frå 1987 til 1988.

Frå 1. mai 1988 auka den garanterte minste tilleggspensjonen til personar som er fødde uføre, eller som blir uføre før dei fyller 21 år, ved at sluttpoengtalet vart sett opp frå 2,5 til 3 poeng. Det gjev ein pensjon på om lag kr 73 000 i året.

Grunn- og hjelpestønaden frå folketrygda ved uførleik auka med 6,5 prosent frå 1. januar 1988.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfartstillegget auka frå 1. januar og frå 1. april i samsvar med auken i grunnbetøpet. Det same gjeld pensjonane frå pensjonstrygda for skogsarbeidarar og fiskarar.

Krigspensjonistane fekk auka sine pensjonar for å kompensere den tidlegare svake reguleringa på same måten som statspensjonistane. For krigspensjonistar med pensjon som for innsats- og overgrepsterpersonar vart auken på 12 prosent gjord med etterbetaling frå 1. mai 1987. Tilfeldig krigsramma fekk pensjonsgrunnlaget sitt auka med to lønnssteg med verknad frå 1. januar 1987.

Frå 1. juli 1988 er den betalte fødselspermisjonen utvida frå 20 veker til 22 veker. Inntil 16 av desse vekene kan takast ut av faren. Samstundes fekk yrkesaktive som adopterer, rett til omsorgspermisjon i inntil 17 veker, mot 14 veker tidlegare. Utover dei 22 vekene fekk kvinner i risikofylt arbeidsmiljø utvida rett til betalt fødselspermisjon frå dei må slutte i arbeid og fram til fødselen.

Frå 1. mars 1988 er det innført ei ny ordning for å følge opp dei langtidssjukmelde. Ei legefråsegn med særskild grungjeving, sjukmelding II, er sett som vilkår for rett til sjukepenigar utover åtte veker.

Ei ny ordning med refusjon frå folketrygda for utgifter til reise og opphold for legespesialistar og kjeveortopedar som driv ambulerande spesialistteneste organisert av fylkeskommunen, vart innført frå 1. juli 1988. Ordninga gjeld fylkeskommunar i Nord-Noreg, men det kan også bli gjeve refusjon i andre fylkeskommunar i særlege tilfelle.

Samfunnstiltak og -tenester for menneske med psykisk utviklingshemming er under om-

legging. Formålet er at menneske med psykisk utviklingshemming så langt som råd skal kunne leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om helsepolitikken mot år 2000, Nasjonal helseplan. I meldinga blir det gjeve eit oversyn over kva som er dei alvorlegaste helseproblema i dag, og kva vi kan vente av endringar fram mot år 2000. Meldinga syner også kor mykje av ressursane i landet som går med til helsetenesta og gjer framlegg til prioriteringar og driftsformer i framtida.

I Finnmark er det sett i gang eit prosjekt i førebyggjande helsearbeid etter WHO-strategien om «Helse for alle i år 2000». Det viktigaste målet er å skape større likskap i helse og helsetenester både mellom ulike sosiale grupper og regionar.

Lov om vern mot tobakkskadar vart vedteken av Stortinget i april og tok til å gjelde 1. juli 1988. Lova er ei viktig hjelpe for å hindre passiv røyking og for å fremje røykfri luft på arbeidsplassar og i offentleg miljø.

For å betre etableringsmønsteret for legar er det vedteke ei mellombels lov om stillingsstopp for denne yrkesgruppa. Lova inneholder forbod mot å opprette nye legestillingar over heile landet. Vidare skal det ikkje bli gjeve trygderefusjon til legar som har etablert seg etter 1. mars 1988, og som ikkje har driftsavtale med kommune eller fylkeskommune. Lova skal gjelde i to år.

Å auke kapasiteten for hjarteoperasjonar har framleis høg prioritet. Sosialdepartementet reknar med at ein i Noreg i 1988 vil utføre i underkant av 2 000 operasjonar. Ventetida er monaleg redusert i fleire av regionane. Det blir i tillegg kjøpt operasjonar i utlandet og utført andre typar hjarteinngrep. For å auke talet på hjarteoperasjonar innanlands er det vedteke å opprette eit frittståande hjartesenter i Oslo, lokalisert til Rikshospitalets kvinneklinik. Vidare er det vedteke å etablere eit hjartesenter i Trondheim knytt til regionsjukehuset der. Ved full drift vil desse sentra årleg ha kapasitet til å utføre om lag 500 hjarteoperasjonar kvar.

Regjeringa har rådd til at det blir bygd eit nytt rikshospital på Gaustad med i alt 610 senger og med plass for universitetsfunksjoner, region- og landsfunksjoner som i dag blir dekte ved Oslo Sanitetsforenings Revmatismesykehus, Sophies Minde og Kronprinsesse Märthas Institutt.

Sosialdepartementet har teke over ansvaret for fengselshelsetenesta. Kommunane og fylkeskommunane driv tenestene etter avtaler med staten. Til no har godt og vel halvparten

av fengsla i landet fått sikra helsetenesta i dei respektive kommunane ved slike avtaler.

Forsøksprosjekta som er sette i verk i Sør-Trøndelag og Østfold for å redusere ventetida for behandling i sjukehus, er ført vidare. Tiltaka blir finansierte gjennom ei overføring av sjukepengar frå trygdebudsjettet.

Tilgangen på pleiepersonell er framleis vanskeleg. For hjelpepleiarar er utdanningskapasiteten auka med om lag 200 plassar innanfor vidareutdanning i eldreomsorg og psykiatri. Utdanningskapasiteten i grunn- og vidareutdanninga for sjukepleiarar er også auka. Det er lagt vekt på vidareutdanning innanfor operasjon-, anestesi- og intensivsjukerie. Vidare er den faglege utviklinga for pleiepersonell generelt styrkt, og det er lagt opp til utbygging av barnehageplassar.

Frå 1. januar 1988 har ein gjennom avtaler med fylkeskommunane fått i stand ei vederlagsordning for pasientskadar som skal gje eit betre vederlagsvern og raskare vederlagsoppgjer etter skadar på sjukehus. Ordninga skal førebels gjelde fram til 1991, og røynslene vil bli brukte når ein skal greie ut om objektivt ansvar for sjukehusa ved pasientskadar.

Frå 1. januar 1988 har kommunane teke over ansvaret for sjukeheimar eller buformer der ein får heildøgns omsorg og pleie. Hovudformålet med reforma er å lage ei integrert og fleksibel eldreomsorg i kommunane. Samstundes vart det innført ei ny føresegn om vederlag for opphold i sjukeheimar og ved buformer der ein får heildøgns opphold og pleie m.m.

Frå 1. januar 1988 er det etablert ein nasjonal luftambulanseplan med fast helsepersonellmannskap. Staten og fylkeskommunane har eit delt ansvar for skiping og gjennomføring.

Effektiviserings- og moderniseringsarbeidet i helsesektoren er styrkt. Effektiviseringsarbeidet blir utført i nært samarbeid med kommunar og fylkeskommunar og dei tilsette i helsesektoren. Til saman har ein ført vidare eller sett i gang over 50 forsøksprosjekt.

Det er innført nye takstar for poliklinisk verksamhet ved sjukehusa med tanke på å stimulere denne verksamheten innanfor prioriterte område og for behandlingsformer der ventetida for behandling er lang.

Den sentrale forvaltninga på rusmiddelområdet er styrkt i samband med skipinga av Rusmiddeldirektoratet frå 1. juli 1988. Rusmiddeldirektoratet har fått hovudansvaret for å førebygge rusmiddelproblem.

Sosialdepartementet har i år starta opp ein 5-årig handlingsplan for å styrke behandlings- og rehabiliteringstilbodet for rusmiddelmisbrukarar generelt, og stoffmisbrukarar

spesielt. Bakgrunnen for dette er m.a. at HIV/AIDS-epidemien har skapt eit mykje større behov for behandlingstiltak for stoffmisbrukarar. Det er til no gjeve tilskott til tiltak som ferdig utbygd vil gje 140–150 nye heildøgnsplassar. I tillegg omfattar handlingsplanen auka satsing innanfor den kommunale sosialhelsetenesta, betre samarbeid mellom sektorar med delansvar for denne gruppa og styrking av spesielle behandlingstiltak utanfor institusjon, som t.d. psykiatriske ungdomsteam og rusmiddelpoliklinikkar. Innanfor HIV/AIDS-arbeidet er det spesielt gjeve stønad til førebyggjande tiltak, skolering, informasjons- og holdningskampanjar, kontroll av blodprodukt og til opprusting av behandlingskapasiteten ved sjukehusa.

Handlingsplanen for barne- og ungdomsvern er no inne i sitt nest siste år. Det er hittil fordelt 75 kommunale barnevernsstillingar, i første rekke til kommunar med over 10 000 innbyggjarar.

I kyrkja er det 1 120 prestestillingar og 82 kateketstillingar liksom i fjer. I tillegg kjem feltpreststillingane og prestestillingar ved sjukehus og fengsel. Det er få søkjarar til dei fleste kateketstillingar og til einskilde prestestillingar.

Dei nye tiltaka som Stortinget har gjort vedtak om for å betre lærardekninga i Nord-Noreg, er sette i verk. Tiltaka synest å ha hatt ein positiv verknad på rekrutteringa.

I skoleåret 1987–88 var det om lag 505 000 elevar i grunnskolen. Det er 15 000 færre enn året før. Det er særleg ungdomssteget i grunnskolen som har nedgang i elevtalet, medan elevtalet i barnesteget er i ferd med å stabilisere seg. Talet på framandspråklege elevar i grunnskolen har auka med 2 000 siste året. Det er òg vorte fleire elevar som får alternativ livssynsundervisning.

Arbeidet med å gjennomføre den reviderte mørnsterplanen for grunnskolen har vore ei hovudsak.

Det er arbeidd aktivt for å etterutdanne lærarar og skoleleiarar slik at dei kan møte utfordringane i mørnsterplanen.

I den videregåande skolen var det 186 000 elevar i 1987–88, 8 000 fleire enn året før.

Forsking som tek for seg tilhøvet mellom ressursinnsats og kvalitet i skoleverket, er auka monaleg. Det blir no oppretta eit Senter for utdanningsforskning som mellom anna skal arbeide med skolevurdering og kvalitetssikring.

Arbeidet med informasjonsteknologi i skolen og fagopplæringa tek sikte på å komme dei nye utfordringane som følgjer med den teknologiske utviklinga, i møte. Utviklingsar-

beidet har fått større omfang, og det vil bli lagt opp og koordinert i samsvar med Stortings handsaming av meldinga om data teknologi i skole og opplæring.

Tiltaka i skolen for å fremje likestilling mellom kjønna er utvikla vidare gjennom handlingsplanar for alle utdanningsområde.

Det er sett i gang eit prosjekt for å vurdere statleg drift av spesialpedagogiske tiltak.

Rammeplanen for undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne flyktningar og innvandrarar er teken i bruk frå 1. januar 1988. Betra tilbod til utlendingar med svak grunnutdanning frå heimlandet er under arbeid.

46 opplysningsorganisasjonar har allmenn rett til statstilskott. Desse held rundt 70 000 kurs med om lag 700 000 deltakarar i året.

I brevskolane er det om lag 160 000 elevar, og 20 brevskolar får tilskott til brevundervisning. Studiearbeit og brevundervisning utviklar seg mot meir kompetansegevande kurs.

Dette skoleåret er 82 folkehøgskolar i drift, det same som siste året. Søkninga til hovudkursa er aukande. Kortkursverksemda, som er i sterkt utvikling, utgjorde i 1987 om lag 18 prosent av eit totalt årselevtal på om lag 7 000. Det var i 1987 litt over 37 000 elevar i folkehøgskolen.

Utbygginga av høgare utdanning held fram. Talet på studieplassar ved universitet og høgskolar hausten 1988 auka med om lag 1 400, medrekna ekstra utdanningsplassar i Finnmark. Det samla studenttalet hausten 1988 er om lag 97 400. I tillegg kjem om lag 6 300 studentar i utlandet.

Det er lagt vekt på å bygge ut studietilboda i Nord-Noreg, særleg i Finnmark, der det er sett i verk lærarutdanning og utdanning innan helsefag og ingeniørfag. Planarbeid for ei samisk høgskole i Kautokeino er i gang. I Tromsø er opptaket til medisinstudiet auka frå hausten 1988. Noregs fiskerihøgskole er oppretta som ei avdeling under Universitetet i Tromsø. Det er sett i gang planarbeid for sivilingeniørutdanning i Narvik.

Programmet for å styrke utdanninga i informasjonsteknologi er ført vidare. Nye lokale for informatikk er under bygging både i Oslo og i Bergen.

Staten har no teke over driftsansvaret for maritime høgskolar og for dei fleste musikk-konservatoria. Hausten 1988 er dei første studentane til sivilingeniørutdanninga i Porsgrunn tekne opp.

Til forskingsformål vart det i 1988 delt ut 220 millionar kroner av overskottet frå Norsk Tipping A/S. Dei statlege løyvingane til forsking, inkludert tippe midlar, er i 1988 på om

lag fem milliardar kroner. Dette er ein nominell auke på meir enn 13 prosent samanlikna med 1987.

Regjeringa har gått inn for å følgje opp hovudinnsatsområda i norsk forsking i samsvar med stortingsmeldinga om norsk forsking og Stortingets handaming av meldinga. I tråd med intensjonane i meldinga har Regjeringa lagt vekt på å styrke kompetanseoppbygging, forskarutdanning og rekruttering, og dessutan tiltak som kan fremje produktiviteten innanfor forskingssystemet.

I 1987–88 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 4,1 milliardar kroner. Kostnadsnorma for studiestønad til elevar og studentar over 19 år er for undervisningsåret 1988–89 kr 4 380 pr. månad.

Det er frå 1. januar 1988 innført ei ordning med delvis ettergjeving av utdanningslån for kandidatar som har fullført visse langvarige studium, og ei ordning med avskriving av utdanningslån for låntakarar som er busette og utøver eit yrke i Finnmark eller i dei sju verkemiddelkommunane i Troms.

Midlane til bygging av studentbustader er auka monaleg.

Norsk rikskringkasting vart 1. mai 1988 omenna til ein stiftelse og har dermed fått ei friare stilling i forhold til det statlege styatingsverket.

Det er gjort framlegg om å utvide fjernsynstilbodet med m.a. å opprette ein ny, riksdekkjande fjernsynskanal. Ein har rådd til å finansiere eit slikt utvida fjernsynstilbod m.a. ved å innføre reklamesendingar i Norsk rikskringkasting — Fjernsynet.

Nærkringkasting er no innført fast. Med heimel i ny lov om nærkringkasting er det høve til å sende reklameinnslag i nærradiosendingar i ein forsøksperiode fram til 1. januar 1993.

Det er vedteke endringar i film- og videogramlova som inneber at videogram i større grad enn tidlegare kan førehandskontrollerast i Statens filmkontroll.

I 1988 er 504 kunstnarar med under ordninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 768 kunstnarar, og i tillegg har fem livsviktig kunstnarlønn, fire æresstipend og ein æreslønn. Til saman kjem 1 282 kunstnarar inn under ulike statlege stønadsordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1987 vitja av om lag 233 000 personar. Riksgalleriet hadde tolv utstillinger på vandring i 1987. Utstillingane hadde eit besøk på om lag 126 000.

I 1988 er det oppretta sju nye musikarstillingar ved dei fire symfoniorkestra som får statsstønad. I alt er det 284 fast tilsette musikarar ved desse orkestra.

Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonsertane var om lag 187 000 i 1987. Rikskonserterne hadde ved sine konserter eit besøkstal på rundt 910 000.

Dei teatra som får offentleg tilskott, hadde i 1987 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 170 000 på eigenproduserte framsyningar. Av dette hadde Riksteatret om lag 106 000 tilskodarar på dei eigenproduserte framsyningane. Publikumstalet ved kinoane var om lag 12,4 millionar.

Samla utlån i 1987 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 22,8 millionar band. Den samla bokmengda var 25,3 millionar band.

I 1988 får 294 musé stønad gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Alle musea i landet vart vitja av om lag 5 millionar menneske i 1987.

Nye museumslokale for dokumentasjon og formidling av arbeidslivssoge m.m. er tekne i bruk på Røros og på Rjukan. Eit nybygg på Norsk Folkemuseum gjev plass for det norske materialet frå Nordiska Museet i Stockholm.

Ungdomspolitikken i dei seks-sju største byane i Noreg krev særskild innsats frå det offentlege. I 1988 fekk om lag 25 prosjekt i desse byane stønad, blant dei fleire allaktivitetshus og prosjekt retta mot innvandrarungdom.

Investeringsstønaden til kommunale fritidsklubar og ungdomslokale er utvida slik at fleirbrukslokale og sambruk av lokale kan sikre at tiltaka blir tilpassa ulike lokale behov.

Det er gjeve tilskott til fylkeskommunar, slik at dei kan prøve nye former for informasjonstiltak og rådgjeving i kommuneplanarbeidet for barn og unge. Nye prosjekt i fire fylkeskommunar har fått tilskott for å vidareutvikle det praktiske planarbeidet for barn og unge.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1988, var på 485,3 millionar kroner. Det er ein auke på 83,8 millionar kroner i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk om lag 292,2 millionar kroner til idrettsanlegg, 170 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 23,1 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av tilskottet til idrettsanlegg gjekk 246 millionar kroner til idrettsanlegg i kommunane. Detaljfordininga av desse midlane var for første gong delegert til fylkeskommunane.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de opplest dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!  
Stortingen var ikke samlet ved feiringen av  
Deres Majestets 85-årsdag den 2. juli i år.  
Derfor vil vi gjerne benytte anledningen i dag

til å gjenta de hilsener og gode ønsker som Presidentskapet på Stortingets vegne brakte Deres Majestet på fødselsdagen. Vi føler alle takknemlighet og glede over den oppmerksomhet og interesse Deres Majestet alltid viser Stortingen og dets arbeid, og over den nære kontakt og gjensidige respekt som i vårt land preger forholdet mellom kongehus og nasjonalforsamling.

Det 133. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som er preget av store utfordringer, både her hjemme og i vårt forhold til den øvrige verden og det menneskelige fellesskap vi er en del av.

For første gang på lenge er det likevel grunn til å glede seg over et bedre internasjonal værlag. Det er å håpe at dette vil frigjøre krefter som kan brukes i et byggende samarbeid på tvers av tradisjonelle skillelinjer og kunstige barrierer. De mange store og uløste problemer vår verden står overfor både på det humanitære, økonomiske, økologiske og sikkerhetspolitiske felt, påkaller en betydelig innsats, hvor også vårt land skal delta med full kraft. Det vil Stortingen medvirke til.

Også i vårt eget land, hvor vi har vært velsignet med fred og fremgang i over førti år nå, er det fortsatt uløste oppgaver. Stortingen vil gjennom sitt arbeid aktivt bidra til å bekjempe problemene slik at alle i vårt land skal

kunne føle trygghet i sin livssituasjon. Trontalen bærer i dette henseende bud om de mange store og vanskelige avgjørelser Stortingen vil stå overfor i den kommende sesjon. Dette vil i sin tur stille krav til hele vårt folks evne til å løfte i flokk og til representantenes evne til samarbeid til felles beste.

Det vil alltid være slik at det i mange saker kan herske forskjellige oppfatninger blant representantene — slik det er ute i folket. Likevel ønsker vi alle at våre beslutninger skal bli til beste både for våre egne landsmenn og for alle dem som lever i de deler av verden hvor ufred, undertrykkelse og nød fortsatt hersker.

Med vilje til å gjøre det beste for land og folk samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer isternte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse blir lagt ut for behandling i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.45.